

Forskrift om utvida båndtvang for hund – Øygarden kommune.

Med heimel i lov om skade på bufe ved hund, vedtok Øygarden kommunestyre i møte den 28.02.2001, sak 00/011483-3, å halda fast på den kommunale forskrifta om båndtvang heile året, med tilleggsvedtak om unntak i pkt. 1 a-c.

Revideringa var tufta på forskrifta som vart vedtatt i Øygarden kommunestyre den 14.02.1975, sak 19/75.

Denne forskrifta er gjeldande inntil Øygarden kommunestyre gjere eit nytt vedtak i høve saka.

- 1 Eigar eller innehavar av hund i Øygarden kommune, Hordaland fylke, skal halda hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda heile året.
Bestemmelsen i pkt. 1 gjeld ikkje for:
 - a) Dressert bufehund når den vert brukt til å vakte /gjete bufe
 - b) Tenestehund i aktiv teneste eller under trening
 - c) Jakthundar under utøving av jakt og trening av jakthundar på områder der trening er tillat.
- 2 Brot på denne føresegna er straffbart
- 3 Denne føresegna tar til å gjelda straks (frå 28.02.2001)

Øygarden kommune 23.07.2013